
Fra: Rune Garmann
Sendt: torsdag 2. februar 2017 13.19
Til: Postmottak Meland
Emne: VS: Om kommunen si forvaltning av personopplysningar
Vedlegg: 161207_Meland.docx; 170202_Personregistrerings skjema.xlsx;
170202_Rettleiingsskriv_registrerings skjema.pdf

Til rådmannen i Meland kommune

Sak : Om kartlegging av kommunen sin bruk av personopplysningar i tenesteyting og forvaltning, og som personalansvarleg.

Måndag 20. februar kjem utsendingar for arbeidsgruppa som IKTNH har sett ned for å arbeide med personvernproblematikk til Meland for å kurse leiarar om kommunen sitt arbeid med å registrere eigen bruk av personopplysningar.

Basert på attendemeldingar frå kommunane vi har vore i har vi vald å gjere nokre justeringar av registrerings skjemaet, og å lage ei ny rettleiing. Opplegget er også endra litt – vi vil heretter prøve å ha ein liten workshop på slutten av kvar samling, slik at vi alt på møtet kan få starta opp arbeidet som må gjerast i kvar kommune.

Registrerings skjemaet og rettleiinga til dette er lagt ved dette brevet. Eg vil be om at dokumenta vert vidaresende til dei i kommuneadministrasjonen som skal utføre jobben, slik at dei kan få gjort seg litt kjende med stoffet før dei kjem til møtet med oss.

Basert på røynsler frå kommunane vi har vore i, anslår vi at det er ynskjeleg å setje av minimum halvannan time til møtet.

På vegne av prosjektarbeidsgruppa

Venleg helsing
Rune Garmann
IKTNH
Tlf. 56 16 62 26 / 915 24 405

Fra: Rune Garmann
Sendt: onsdag 7. desember 2016 14.50
Til: Postmottak Meland
Emne: Om kommunen si forvaltning av personopplysningar

I samband med eit prosjekt som IKTNH har sett i gang for å sikre at kommunen vil kunne handsame persondata i tråd med nytt lovverk, bed prosjektgruppa om kommunen sin hjelp til å kartleggje kva personopplysningar kommunen forvaltar. Eg syner til vedlagte skriv.

Venleg helsing
Rune Garmann
IKTNH
Tlf. 56 16 62 26 / 915 24 405

